

# Vedtekter Solvang barnehage

Solvang barnehage er underlagt lov 17.juni 2005 nr. 64: Lov om barnehagar, og til ei kvar tid gjeldande forskrifter og rammeplan for barnehage. Verknadsdato 1. januar 2006.

## 1 EIGARFORHOLD

Sunnfjord Folkehøgskule eig og driv Solvang barnehage med støtte frå Førde kommune. Førde kommune disponerer alle barnehageplassane. Solvang Barnehage har eige budsjett og rekneskap. Sunnfjord Folkehøgskule er organisert som eiga stifting der Normisjon region Sogn og Fjordane oppnemner stiftingsstyret.

## 2 MÅL

Barnehagen skal drivast i samsvar med gjeldande Lov om barnehagar, forskrifter, retningslinjer og Den norske Kyrkja si vedkjenning.

Føremålet med barnehagen er å gje barn eit godt oppvekstmiljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne. Barnehagen skal utvikle det einskilde barn sin personlegdom, hjelpe barna med å utvikle evner og toleranse, ha omsorg for andre, og gje dei allsidige leike- og aktivitetstilbod.

Saman med heimen skal barnehagen hjelpe til med å gje barna eit miljø som sikrar individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfalding, læring og etisk rettleiing i samsvar med rammeplan for barnehagar.

Barnehagen skal hjelpe til med å gje barna oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane og føre vidare dei kristne tradisjonane vi står i. Den etiske rettleiinga som barnehagen gjev, må ta omsyn til barna sin alder og mogning, og til det miljøet dei kjem frå.

## 3 OPPTAK TIL BARNEHAGE

a.) Samordna opptak til barnehagane

I Førde kommune er det samordna opptak som omfattar alle barnehagane i kommunen.

Det er eitt hovudopptak på våren kvart år. Søknadsfrist for hovudopptak er 15.mars. Fristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag, annonse og internett.

Tildeling av plassar ved hovudopptak vert gjort i mars/april, avslag på plass og plassering på venteliste vert sendt ut seinast 1.mai. Nye søkjarar som kjem inn etter fristen for hovudopptak, vert registrert på venteliste etter avslutta hovudopptak.

Etter at hovudopptak er avslutta har vi kontinuerleg opptak og nye søknader vert registrert og handsama etter kvart.

Av omsyn til barnegruppa si samansetjing, prioritering av søsken og fordeling av barn med spesielle behov, kan opptaksmynde gjennom det samordna opptaket vise skjønn ved fordeling av barn mellom barnehagane.

Barna er delt i grupper ved opptaket, 3-5 år og 0-3 år, og søkjarlistene er sortert etter dette.

b) Opptaksmynde

Rådmannen tildeler plassane i samsvar med vedtekne retningslinjer for Førde kommune.

#### c) Klage på opptak

Klageutvalet i Førde kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast rådmann og følgje rutinar for forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

#### d) Opptaksperiode

Vi reknar eit barnehageår frå skulestart i august til skulestart året etter. Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunkt som står på tildelingsbrev/kontrakt, og plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet begynner på skulen.

### 4. OPPTAKSKRITERIA TIL KOMMUNAL BARNEHAGEPLASS

Plass i Solvang Barnehage føreset at barnet er busett i kommunen ved oppstart. Søkjarar frå andre kommunar kan bli tildelt plass dersom det er ledige plassar.

Følgjande grupper er prioritert ved opptak:

1. Barn med nedsett funksjonsevne, eller vedtak etter lov om barnevernstenester jfr. Lov om barnehagar § 13.
2. Barn med særlege behov for barnehageplass grunna sosiale, helsemessige eller andre spesielle forhold i heimen.
3. Barn frå familiar der begge foreldra er tospråklege/ framandspråklege.

Resten av søkjarane er prioritert etter alder. Når barn er tildelt barnehageplass vil barnet bli prioritert inn i same barnehage som søsken.

Ved søknad om opptak etter prioritert kriterium skal det leggest ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lækjar, PPT. I dokumentasjonen skal det klårt gå fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass.

### 5. RETNINGSLINJER FOR ENDRING AV OPPHALDSTID/BYTE AV BARNEHAGE

Barn som er tildelt kommunal barnehageplass har førerrett til auke av opphaldstid **når dei har teke til i barnehagen**, dersom det etter styrar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogleg. Søknad skal sendast barnehagen og tildeling av ny opphaldstid vert gjort av styrar. Søknadsfristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag.

Dersom det er fleire søkjarar til ledig plass vert søkjarane prioritert etter gjeldande opptakskriterium.

Søkjarar som har barnehageplass i kommunal barnehage og som ynskjer å byte til annan kommunal eller privat barnehage, må søkje på nytt og vert vurdert som ny søkjar.

### 6. OPPSEIING

Plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet begynnar på skulen.

Ved flytting frå kommunen kan tildelt barnehageplass behaldast ut barnehageåret.

Det gjeld tre månader oppseiing av plassen/reduksjon i opphaldstid, oppseiingsmånad samt 2 påfølgjande heile månader.

## **7 REGLAR FOR FORELDREBETALING**

Foreldrebetalinga er månadleg i 11 månader. Juli er betalingsfri.

Når barnet sluttar i barnehagen, gjeld betaling for oppseiingsmånaden samt to påfølgjande månader. Same reglar gjeld ved reduksjon i plass.

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon vert regulert gjennom § 15a i lov om barnehagar og til ei kvar tid gjeldande forskrifter.

Rådmann fastset foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Dersom barnet/barna vert henta etter ordinær stengt tid må foreldra betale eit gebyr for kvar halvtime som er på begynt.

Ved misleghald av foreldrebetaling, er det rådmannen som gjer vedtak om oppseiing av barnehageplassen.

Reduksjon eller fritak frå foreldrebetaling kan gjevast etter Lov om sosiale tenester eller Lov om barnevernstenester. Søknad skal rettast til Førde sosialkontor.

## **8 OPNINGSTIDER OG FERIE**

Solvang Barnehage har ope frå måndag til fredag i tida 7.15 - 16.30. Barnehagen har stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar, julaftan og nyttårsaftan.

Gjennom året er barnehagane stengd inntil 5 dagar i samband med planleggingsarbeid.

Barna skal ha ferie frå barnehagen i minst 3 veker i tida 15. juni til 15. august, jmf. pkt. 8 om betalingsfri juli. Barna sin ferie skal meldast barnehagen seinast 1. mai i ferieåret.

## **9 AREALNORMER**

Følgjande arealnормer gjeld for Solvang Barnehage (som er lik Førde kommune sine):

4,5 kvm. pr. barn 3 – 5 år, 6,0 kvm pr. barn 1 – 3 år

## **10 TILSETJING**

Eigaren tilset personalet. Styraren har høve til å uttale seg ved tilsetjing. Styrar og pedagogisk leiar skal ha førskulelærarutdanning. Eigar fastset instruks for personalet. Dei tilsette ved barnehagen må forplikte seg til å arbeide i samsvar med barnehagen si målsetjing. Personalet vert tilsett på 1/2 års prøvetid.

## **11 BRUK AV BARNEHAGEN SINE LOKALE**

Når det ikkje hindrar den daglege drifta av barnehagen, kan lokala brukast til andre møte- og aktivitetstilbod.

Styret for Sunnfjord Folkehøgskule, eller den det gjev fullmakt, står ansvarleg for utleige og bruk.

## **12 PRAKSISPLASSAR**

Barnehagen kan nyttast som praksisplass for elevar ved Sunnfjord Folkehøgskule. Ordninga med praksis må avtalast med styrar for barnehagen.

### 13 INTERNKONTROLL

Solvang barnehage har utarbeidd plan for internkontroll for helse, miljø og tryggleik, dokumentert i eigen perm.

### 14 STYRING

#### a. Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet for barnehagen skal ha (minst) 6 medlemmer og er sett saman slik:

2 repr. vald av foreldrerådet	- vald for 1 år
2 repr. vald av dei tilsette	- vald for 1 år
2 repr. vald av styret for Sunnfjord Folkehøgskule	- vald for 2 år

Styrar er sekretær, førebur saker og administrer innkalling til styremøte. Styrar har møte- og talerett.

#### b. Samarbeidsutvalet sine oppgåver

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutvalet skal m.a.:

Fastsette årsplan for den pedagogiske drifta, legge fram årsmelding for eigar, uttale seg om instruksar for personalet og endringar i vedtektene.

#### c. Samarbeidsutvalet sine rettar

Samarbeidsutvalet skal få framlagt saker som er viktige for verksemda i barnehagen og forholdet til foreldra, og ha rett til å uttale seg om desse.

Slike saker er m. a. forslag til budsjett, driftsendringar, utnytting av ute- og inneareal.

#### d. Forholdet til eigar og tilsynsmynde

Samarbeidsutvalet skal påpeike overfor eigar, og kan melde frå til kommunen eller fylkesmannen som tilsynsmynde, dersom barnehagen ikkje vert driven innanfor gjeldande lover, forskrifter, barnehagen sine vedtekter og budsjettet for barnehagen

#### e. Foreldrerådet

- a) Alle som er foreldre eller føresette til born i barnehagen er med i foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremje foreldra sine fellesinteresser og medverke til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.
- b) Foreldrerådet skal be om å få lagt fram saker som er viktige for foreldra sitt forhold i barnehagen. Foreldrerådet har rett til å uttale seg i slike saker før det blir teken avgjerd.
- c) Ved avstemming i foreldrerådet gjeld ei stemme for kvart barn. Vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

**15 Vedtektene for Solvang Barnehage** blir gjort gjeldande frå dato då styret (eigar) godkjenner dei. Styret for Sunnfjord Folkehøgskule kan gjere endringar i desse vedtektene etter at samarbeidsutvalet for barnehagen har hatt høve til å uttale seg. Endringane skal sendast Førde kommune til orientering.